

Utdanningsmelding 2015

Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap

Oppfølging av prioriteringar og problemstillingar frå utdanningsmeldinga 2014

Instituttet nedsette mot slutten av 2015 ei arbeidsgruppe som går gjennom arbeidskrav og vurderingsformer for alle tiltak og som kjem med ein rapport i mars 2016 med forslag til endringar. AORG 324 er omarbeidd til eit nytt kurs som er lagt til 200 nivå (AORG211) og som byggjer meir på AORG107. Vi vonar slik å rekruttera fleire innreisande studentar og vonleg også nokre interne som kan ta det som frie studiepoeng. Ettersom SV100 er avvikla har instituttet utvikla ein utvida versjon av det gamle AORG100, der dei beste delane av det gamle SV100 er tenkt vidareført. Det nye kurset får koden AORG100A. Vi vil også knyta planlagde fagleg-sosiale tiltak, inkludert mentorordning, til AORG100A. Det har ikkje vore framgang i arbeidet med å vidareføra utviklingsstudier. Vi har i samarbeid med institutt for økonomi fått oppretta eit bachelorprogram i politisk økonomi som vert lyst ut våren 2016.

Planar 2016

Nemnde arbeid med arbeidskrav og vurderingsordningar er tenkt slutført med studieplanendingsforslag i 2016. Fagleg-sosiale integrasjonstiltak vil bli konkretisert i AORG100A. Instituttet vil, i tråd med UiB-strategien, omarbeida kursa AORG105/106 til å fokusera klima- og energipolitikk, særleg i Sør. Dette vil bli fremja som studieplanending i 2016. Vi vil også fremja forslag om studieplanending som opnar NUTR220 for fleire studentgrupper. Etter innspel frå programsensorane vil instituttet i 2016 gjera ein gjennomgang av masterprogrammet, inkludert korleis forskargruppene fungerer i programmet. Vi har hatt drøftingar med SKOK og vi tar sikte på å opna for at studentar i kjønnsstudier kan ta spesialisering i administrasjon og organisasjonsvitenskap.

Det engelskspråklege masterprogrammet MPA rekrutterer studentar frå kvoteprogrammet, frå programmet Students at risk, og ein del sjølvfinansierte studentar frå inn- og utland. Vi har hatt stor søknad av sjølvfinansierte studentar, om enn kvaliteten har vore ujamn og berre eit mindretal har vore godt kvalifiserte. Når kvoteprogrammet no vert utfasa vil rekrutteringa bli meir uviss, men vi vonar likevel å kunna rekruttera nok studentar (nokre sjølvfinansierte og nokre via Students at risk) til programmet. Dei nye ordningane som skal erstatta kvoteprogrammet vil opna for prosjekt der studentar på masterprogram i Sør liknande vårt kan koma hit og ta delar av masteren sin her. Vi kjem til å søkja om støtte til eit slik prosjekt for å styrka fyrsteåret i MPA programmet med slike studentar.

Instituttet deltar i ei arbeidsgruppe der også Samanliknande politikk er med, om samarbeidstiltak mellom dei to institutta. Det er gode sjansar for at dette vil munna ut i forslag til samarbeid om undervisningstiltak. Grappa vil koma med forslag i 2016.

Evaluering

I 2015 har vi retta særleg merksemda mot oppfølging av rapportane til dei nye programsensorane. Samla meiner instituttet at vi har god systematikk i gjennomføring og oppfølging av evalueringar. Instituttet evaluerer kontinuerleg 1/3 av emna kvart semester. Studentevalueringane inkluderer både førelesningar og seminarundervisning. Tilbakemeldingane dannar grunnlag for ein rapport som vert formidla til undervisningsleiar og undervisningsutvalet, samt emneansvarlige. Både emneevalueringar og programsensorrapportar vert tekne opp i fellesfora på instituttet og arbeidd vidare med.

Emneevaluering , programsensorrapportar samt seminarevaluering blir publiserte i kvalitetsportalen etter godkjenning av undervisningsutvalet. Alle slike rapportar og evalueringar for 2015 er publiserte.

Internasjonalisering :

Instituttet har ikkje gode nok resultat når det gjeld utreisande studentar. I 2015 har vi oppdatert og betra nettressursane på dette (prioriterte reisemål er utvikla med endå tydelegare rettleiing om tilrådde emne). Vi deltar også i eit PEK-prosjekt der studentar på utveksling skriv ambassadørbloggar. Vi vonar det vil gi fleire utreisande studentar.

Etter – og vidareutdanning

Instituttet har eit etter– og vidareutdanningstilbod, som inkluderer fire emne. AORG606 Teknologileiing (i samarbeid med ADISCO), og emna vi tilbyr i samarbeid med LO Stat; AORG602, AORG606 og AORG613. LO Stat gjennomfører i samarbeid med instituttet ei større evaluering av kursporteføljen dei har, og det gjenstår å sjå kva endringar det kan føra til.

Studentgjennomstrøyming.

Instituttet rekrutterer ikkje godt nok og har for stort fråfall. Nemnde tiltak knytt til fyrstesemesteret er viktigast i 2016. Vi planlegg også ei mentorordning i den samanhengen. Vi vonar vi kan få til ei mentorordninga også for nye studentar på MPA.